

Kjære ordfører Torkel S. Myklebust i Suldal kommune!

Skumkjuke som du ser bilete av på dette kortet er ein trua art og den står difor på Norsk Raudliste. Skumkjuke har leveområde i din kommune. Takk for innsatsen for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen din så langt!

Verda misser plante- og dyreartar raskare enn nokon gong. Rundt 2000 artar står i fare for å forsvinne frå norsk natur, blant anna fordi vi øydelegg leveområda deira. Noreg har som mål å stanse tapet av naturen sitt mangfald innan 2010. Å ta vare på artar og naturtypar er ikkje ein jobb eg kan gjere åleine – eg trenger di og kommunen si hjelp for å nå målet.

I samband med dette har eg vald ein art for kvar kommune som eg håpar de vil vere spesielt merksame på. Arten eg har vald kan stå som døme på kommunen sitt naturmangfald. Den er ein representant for det rike naturmangfaldet vi må stå saman om for å ta vare på.

På www.dirnat.no/kommunearter finn du meir informasjon om din kommune sin spesielle art, og tips om korleis de kan ta vare på den.

Med vennleg helsing

Erik Solheim

Miljø- og utviklingsminister



Skumkjuke (*Spongipellis spumeus*)

Skumkjuke veks på stammen av gamle edellauvtre, særleg alm.

I Suldal er den funne to stader dei siste 12 åra, og begge stader på gamle, styva almetre (tre der det blei hausta greiner og lauv til dyrefør). Opphør i lauving av alm, samtidig som almesjuka spreier seg, utgjør truslar for skumkjuke på lengre sikt. Den er ført opp som “sterkt trua” i raudlista.

